

Kjære musikk- og friluftselev!

Gratulerer med valet og plassen ved Voss folkehøgskule for skuleåret 2019-2020!

I dette brevet får du litt praktisk informasjon, slik at du på ein best mogleg måte kan førebu deg til året og opplevingane som kjem!

Året på Voss varer i ni månader, frå slutten av august til midten av mai. Linjefag utgjer dei fleste timane, i tillegg til valfag og fellesfag, linjeveker, prosjekt og reiser. På folkehøgskule får du lære mykje meir enn fag. Du skal lære å arbeide og leve saman med andre. Det faglege og det sosiale går hand i hand med menneskeleg utvikling. Du lærer deg sjølv å kjenne i møte med andre. Her er det ikkje karakterar – men *din* karakter som tel. Dei fleste som har gått på folkehøgskule seier at det var eit av dei beste åra dei har hatt. Det håpar me du óg kan sei om eit år!

Folkehøgskuleåret er noko litt utanom det vanlege. Mykje av innhaldet kan du sjølv vera med på å forme. Me kjem til å lære mykje saman- i samspel, samklang og i fellesskap. Difor er ikkje dei praktiske ferdighetane dine det viktigaste, men at du kjem med eit ope sinn og ei positiv og inkluderande haldning.

Linja Musikk og friluftsliv kombinerer to fagfelt som skulen og vossabygda har lange tradisjonar innan. Det musikkfaglege vert fint miksa saman med opplevingar i den flotte naturen Voss har å by på! Linja legg vekt på samspel. – Musikk og naturglede i fellesskap! Mesteparten av tida jobbar me i musikkromma med musikkfag, der målet er at du får utvikla dei musikalske ferdighetane dine i samspel med andre. Du får mellom anna stå på scena, delta på konsertar, spele i band, jobbe i studio og MacLab, prøve deg som låtskrivar, opparbeide lytteevna di, innføring i musikkteori og vera del av musikklivet på Voss (t.d. Vossajazz).



I løpet av året får du vera mykje utandørs i vakker vestlandsnatur. Du vil få erfaringar innan eit breitt spekter aktivitetar. Her kan nemnast fjellturar, kajakk, rafting, stølstur på skulen sin eigen støl, utvikla skiferdighetane dine både i bakken og på tur, symje i Vossabadet, ulike idrettsaktivitetar og ikkje minst- kjenna varmen frå leirbålet, der knitringa vert akkompagnert av gitarspel og allsong. For ja, me kjem også til å kombinere dei to fagfelte gjennom året.

Linjetilboda på skulen er varierte, noko som skapar mangfald! Me kjem til å samarbeida ein del med andre linjer, som gjer at du til dømes vil kunne hauste erfaringar frå dei andre kreative linjene på skulen og dra på turar saman med andre friluftslivlinjer. Du kan glede deg til å bli kjend med mange nye og spanande menneske!



Musikk og friluftslivlinja reiser på turar av ulik karakter. I tillegg til kortare turar i den vakre naturen landet vårt har å by på, dreg me på utlandstur til Dei britiske øyer. –Ein tur for gode musikalske, sosiale og kulturelle opplevingar. Dette kjem til å bli ein tur du vil hugse, der du sjølv er med på å forme innhaldet. Det er viktig at du tek med deg gyldig pass, sjå <https://www.politiet.no/tjenester/pass/ut-a-reise/> .

Her er ei liste med ting det kan vera kjekt å ha med seg til skulestart:

- ✓ Mykje av arbeidet i studio og MacLab vil avhenge av å ha eit par gode hodetelefonar. Me har nokre på linja, men det kan vera kjekt å ha sine egne.
- ✓ Bærbar PC
- ✓ Instrument (+ evt. forsterkar osv.)
- ✓ Skrivesaker og notatblokk
-
- ✓ Sovepose
- ✓ Liggeunderlag
- ✓ Tursekk (dagstursekk og til overnatting)
- ✓ Turklede (både til fotturar og ski, hugs ull!)
- ✓ Fjellsko
- ✓ Skiutstyr: både fjellski og til alpinbakken/ skitrekk
- ✓ Treningsklede
- ✓ Joggesko
- ✓ Innesko
- ✓ Badetøy
- ✓ Sykkel
- ✓ Diverse turutstyr viss du har (stormkjøkken, telt, kompass, hovudlykt ol.). Skulen har noko utstyr, så dette er frivillig å ta med viss du sjølv ynskjer.



Har du spørsmål eller lurer på noko, må du ikkje nøle med å ta kontakt, enten på e-post post@voss.fhs.no eller ringe på tlf. 56529040.

Med ynskje om ein god sumar! Hjarteleg velkomen til (V)oss til hausten!

Venleg helsing

Musikklinja, ved lærar Mari Bryn og stipendiat Truls Salmila